

**FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT**

**Innkjøp**



**VOLDA KOMMUNE**

**Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS**

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet –

# Forord

---

Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde den 20/5-2014 (sak 09/14) vedtak om å få utført eit forvaltningsprosjektet på innkjøpsområdet. Prosjektet er utført i samsvar med standard for forvaltningsrevisjon - RSK001.

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgave for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

*” (...)Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).*

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette eit kritisk søkelys på dagens situasjon og peike på muligheter for forbedring og vidareutvikling av den kommunale verksemd, samt avdekke eventuelle manglar.

Rapporten er utarbeida av Halldis Moltu, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil takke administrasjonen i Volda kommune for nødvendig bistand i arbeidet med prosjektet.

Larsnes, 10/11-2014

Halldis Moltu

-registrert revisor-

## Innhold

SAMANDRAG .....	6
Konklusjon: .....	7
1  INNLEIING .....	8
1.1  Bakgrunn og målsetjing .....	8
1.2  Problemstilling .....	8
1.3  Revisjonskriterier .....	9
1.3.1  Utdrag av lov og forskrifter om offentlige anskaffelsar:.....	9
1.3.2  Forvaltningslova .....	10
1.3.3  Etske retningslinjer (K-sak 64/97): .....	10
1.3.4  Gjeldande rammeavtalar for 2013 (forpliktande gjennom medlemskapet i SSIS): 11	
1.3.5  Fairtrade-avtale.....	11
1.3.6  Innkjøpsinstruks for Volda kommune (sak 30/98): .....	11
1.3.7  Innkjøpsrutine (økonomihandboka kap 2.1.2.1): .....	12
2  METODE OG GJENNOMFØRING .....	12
2.1  Dokument .....	12
2.2  Verifisering av data .....	13
2.3  Avgrensing .....	13
3  FYLGER KOMMUNEN REGELVERKET VEDKOMANDE OFFENTLEGE ANSKAFFELSAR .....	13
Fakta og vurderingar.....	13
3.1  Innkjøp med kostnad mellom 50'-100' (drift) .....	13
3.1.1  Eskan AS: .....	13
3.1.2  Brændes rørleggerforretning AS : .....	14
3.1.3  Berknes maskinstasjon AS : .....	14
3.1.4  Grande trevare AS : .....	14
3.1.5  Brændes rørleggarforretning: .....	14
3.1.6  Tussa installasjon AS:.....	15
3.1.7  Notabene:.....	15
3.1.8  AK maskiner:.....	15
3.1.9  Sixt leasing – Autoleie: .....	15
3.1.10  Varodd:.....	15
3.1.11  Eik-senteret Surnadal:.....	16
3.1.2  Delkonklusjon.....	16

3.2 Innkjøp med kostnad >100' (drift)	16
3.2.1 Ahlsell AS:	16
3.2.2 Per Mulvik AS:	16
3.2.3 Øen kuldeteknikk:	17
3.2.4 Asplan Viak AS:	17
3.2.5 KB Service feiing:	18
3.2.6 Brannvernservice.no AS:	18
3.2.7 Ramsalt Lab AS:	19
3.2.8 Jan M. Skalde:	19
3.2.9 K.A Aurstad AS:	20
3.2.10 ISS Reinhold:	20
3.2.11 Aasbø og Ulvestad installasjon AS:	21
3.2.12 Berknes maskin endringsarbeid Gjerdeplassen Kaivegen,:	21
3.2.2 Delkonklusjon	21
3.3 Investering	21
3.3.1 Grande Interiør AS:	21
3.3.2 Geodata :	22
3.3.3 Midlertidige husvære:	22
3.3.4 Bil-og gummiservice AS og Volda Bil AS:	22
3.3.5 Autoservice AS :	23
3.3.6 Nordplan AS:	23
3.3.7 Prosjekt 701301 Utbygging bustadområde:	24
3.3.8 Delkonklusjon	24
3.4 Totalkonklusjon	25
4 NYTTAR KOMMUNENE GJELDANDE RAMMEAVTALAR	25
Fakta og vurderingar	25
4.1 Vaskeritenester	26
4.2 Sals-og skjenkekontroll	26
4.3 Asfalt	26
4.4 Medisin og multidose	27
4.5 Straum	27
4.6 Telefon	27
4.7 Mineralvatn	28
4.8 Medisinske forbruksvarer	28

4.9	Reinhaldmiddel, rekvisita plast og papir, lyskilder og cateringprodukt .....	28
4.10	Kontor-, datamateriell, kopipapir og fritt skulemateriell .....	29
4.11	Microsoftlisensar: .....	29
4.12	Bedriftshelsetenester: .....	30
4.13	Matvarer (kolonialvarer): .....	30
4.14	Matvarer (kjøt og bearbeidde kjøtvarer): .....	30
4.15	Felles portal .....	31
4.2	Konklusjon: .....	31
5	PRAKSIS KRING ETTERLEVING AV FAIR-TRADE AVTALE .....	31
5.1	Fakta og vurderingar .....	31
5.2	Konklusjon: .....	31
6	ANBEFALINGAR .....	31
7	RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR .....	32
8	REVISJONEN SINE KOMMENTARAR .....	34

## SAMANDRAG

Kontrollutvalet i Volda kommune vedtok 20. mai 2014 i sak 9/14 å få utført eit forvaltningsprosjekt vedkomande innkjøp for å vurdere om kommunen følgjer regelverket vedk. offentlege innkjøp, og nyttar inngåtte rammeavtalar. I tillegg vurdere praksis kring etterleving fairtrade-avtale. Prosjektplan vart godkjent i sak 9/14.

### Problemstillingar

Vi har valgt følgjande problemstillingar:

1. Følgjer kommunen regelverket vedk offentlege innkjøp
2. Vurdere om kommunen nyttar gjeldande rammeavtalar
3. Vurdere praksis kring etterleving av fairtrade-avtale

#### 1. Følgjer kommunen regelverket vedk. offentlege innkjøp?

Utgangspunktet er drifts-og investeringsrekneskapen for 2013. Denne viser flg.:

Innkjøpskostnader mellom 50'-100' drift – antal innkjøp relevant for prosjektet utgjer 38 med 15 forskjellige innkjøparar/tilvisarar, av sistnemde er 11 aktuelle for prosjektet.

Innkjøpskostnader >100' drift – antal innkjøp relevant for prosjektet utgjer 19 med 7 forskjellige innkjøparar/tilvisarar

Investering over 100' (nye prosjekt i 2013) – antal nye prosjekt er 24 med 9 forskjellige innkjøparar/tilvisarar.

Innkjøp under 50' har vi valgt å halde utanfor prosjektet, sjølv om også desse skal vere gjenstand for konkurranse.

For å få eit representativt utval har vi valgt å kontrollere minimum eit innkjøp pr innkjøpar/tilvisar (nokon har fleire innkjøp).

#### Innkjøp med kostnad mellom 50'-100' (drift)

Vi har undersøkt 11 av 38 kjøp i denne kategorien, av dette er eit kjøp ikkje egna for vurdering i denne samanheng (jfr. pkt. 3.1.9).

Av ti kjøp er fem i samsvar med regelverk, medan fire ikkje er i samsvar. Eit kjøp er gjort av ein tilsett som har slutta, og det har ikkje vore muleg å få framlagt dokumentasjon.

#### Innkjøp med kostnad >100' (drift)

Vi har undersøkt 12 av 19 aktuelle kjøp i denne kategorien.

Av tolv kjøp er seks i samsvar med lov og regelverk, medan fire ikkje er i samsvar. I tillegg er det to kjøp gjort av tilsett som har slutta, og der har det ikkje lukkast å få framlagt dokumentasjon som gjer at vi kan vurdere dette.

#### Investering

Vi har undersøkt 7 av 24 kjøp i denne kategorien.

Av sju kjøp er fem i samsvar med lov og regelverk, medan eit ikkje er i samsvar. I tillegg er det eit kjøp gjort av tilsett som har slutta, og der har det ikkje lukkast å få framlagt dokumentasjon som gjer at vi kan vurdere dette.

I dette utvalget fins det eit kjøp der det kan stillast spørsmål vedk. innkjøpar sin habilitet.

### **Konklusjon:**

Vi har undersøkt totalt 28 utvalgte kjøp fordelt på kategoriane innkjøpskostnader mellom 50'-100' drift, >100' drift og nye investeringar 2013, og konkluderar med flg:

- 1 kjøp er ikkje av ein slik art at det kjem inn under regelverket
- 5 kjøp har vi ikkje kunne vurdert, då det ikkje ligg føre dokumentasjon på kjøpet (gjeld tilsett som har slutta)
- 14 kjøp er i hovudsak i samsvar med regelverk og interne reglement/rutiner, men i eit tilfelle kan det stillast spørsmål vedk innkjøpar sin habilitet
- 10 kjøp er ikkje i samsvar med regelverk og intern reglement/rutiner.

## **2. Nyttar kommunen gjeldande rammeavtalar?**

SSIS forhandlar fram rammeavtalar på vegne av medlemskommunane. Ikkje alle kommunar er med på alle avtalar, og vi har teke utgangspunkt i dei rammeavtalar som Volda kommune er bunde av. Detaljert informasjon om rammeavtalane ligg på SSIS sine nettsider, og vi har brukt desse kjeldene for å vurdere kva som ligg i dei enkelte varegrupper. Vi har avgrensa prosjektet til kun å gjelde avtaler inngått gjennom SSIS, sjølv om kommunen kan har egne rammeavtalar. Dette fordi det er vanskeleg å få fullstendig oversikt over desse.

Det er 12 rammeavtalar kommunen har forplikta seg til å følgje med sitt medlemskap i SSIS.

Vi har gått inn på aktuelle kontoar (etter sin art) i rekneskapen, og vurdert leverandørar her oppimot gjeldande rammeavtalar. Hvis det er bokført kostnader på feil konto, vil dette ikkje bli fanga opp av kontrollen.

### **Konklusjon:**

Kommunen nyttar i all hovedsak inngåtte rammeavtalar.

## **3. Vurdere praksis kring etterleving av fairtrade-avtale**

Volda kommune har fått godkjenning som Fair-trade kommune, og har gjennom dette forplikta seg til å servere fairtrade- kaffi og te på alle kommunale møter. Vi har tolka definisjonen kommunale møter til å gjelde politisk verksemd.

Vi har gjennomgått konto 11150 matvarer for ansvar 1550 politisk verksemd, som viser at kaffi og te til politiske møter vert kjøpt på Kiwi. Det vert kjøpt fairtrade-merka te, medan det vert kjøpt både fairtrade kaffi og vanleg kaffi. Kaffi som ikkje er merka fairtrade utgjer 25% av kjøpa i 2013.

### **Konklusjon:**

Kommunen har forbedringspotensiale i forhold til å fylgje opp K-styret sitt vedtak om å servere fairtrade-kaffi og te på alle kommunale møter.

## 1 INNLEIING

### 1.1 Bakgrunn og målsetjing

Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde 20. mai 2014 i sak 09/14 vedtak om å få utført eit forvaltningsprosjekt vedkomande innkjøp.

Kontrollutvalet ynskte at revisjonen skulle vurdere praksis vedk.lov om offentlege innkjøp, forskrifter og reglement/rutiner, om kommunen brukte rammeavtalane dei er bundne av og praksis kring etterleving av fairtrade-avtalen.

Prosjektplan vart godkjent i møtet i kontrollutvalet same dag.

Prosjektet har som formål å stadfeste om Volda kommune følgjer lov om offentlege innkjøp med tilhøyrande forskrifter og retningslinjer innanfor innkjøpsområdet for 2013. Volda kommune er medlem i SSIS (Søre Sunnmøre Innkjøpssamarbeid, tidligare Søre Sunnmøre Innkjøpsforum). Felles rammeavtalar utarbeida av innkjøpssamarbeidet og som er gjeldande for kommunen vil òg verte gjenstand for kontroll, men då med tanke på kommunen og deira innkjøparar sin lojalitet til desse avtalane. Vi vil sjå på innkjøp som har vorte gjort både på drifts- og investeringsområdet. Løpande innkjøp vil verte kontrollert på bakgrunn av totalt leverandørkjøp sett opp mot rammeavtalar.

Volda kommune har gjennom vedtak i kommunestyret forplikta seg til å servere fairtrade kaffi og te på kommunale møter, og vi vil derfor også vurdere praksis mht dette på bakgrunn av kontrollutvalet si bestilling.

Volda kommune hadde i 2013 budsjettert med til saman vel 180 mill. i investeringar (gjennomført 47 mill) og i tillegg kjem vedlikehald og drift. Ein effektiv konkurranse om dei offentlege kontraktane kan bidra til at det offentlege får meir igjen for pengane. Samtidig vil ein legge til rette for at små og mellomstore bedrifter kan kjempe om offentlege oppdrag på linje med dei større aktørane på marknaden. Ein betydeleg andel av kommunale kjøp av varer og tenester er regulert gjennom lov om offentlege anskaffelsar og forskriftene til denne. Lov/forskrifter gir klare retningslinjer for korleis ein skal foreta anskaffelsar, frå planlegging til gjennomføring. SSIS har også utarbeida forslag til rutiner i høve offentlege innkjøp, og dei har også utarbeida dokument som kan vere eit nyttig verktøy for medlemskommunane (t.d. innkjøpsprotokollar).

Området er eit risikoområde av fleire grunnar. Det kan oppstå situasjonar der kommunen kan verte erstatningspliktig overfor potensielle leverandørar dersom regelverket ikkje vert fulgt. Det er oppretta eit klageorgan som handsamer eit stort antal saker, og media har i lang tid vist stor interesse for området. Det er også innanfor feltet innkjøp at ein finn dei store korrupsjonssakene som er avdekka innanfor offentlig sektor.

### 1.2 Problemstilling

Vi har valgt følgjande problemstillingar (som også er godkjent av kontrollutvalet i sak 9/14):

1. Følgjer kommunen regelverket<sup>1</sup> vedk offentlege innkjøp
2. Vurdere om kommunen nyttar gjeldande rammeavtaler
3. Vurdere praksis kring etterleving av fairtrade-avtale

<sup>1</sup> alle relevante lover, forskrifter, interne reglement, innkjøpsrutine og innkjøpsinstruks



### 1.3 Revisjonskriterier

Informasjon som er innhenta vert vurdert opp mot revisjonskriterier i form av lover, forskrifter, reglement og andre relevante rutiner/instruksar. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

Følgjande lover/ forskrifter/ interne reglement regulerer innkjøpsområdet:

- Lov om off anskaffelsar
- Forskrift om offentlege anskaffelsar
- Forvaltningslova
- Etske reglement
- Gjeldande rammeavtalar for 2013 (forpliktande gjennom medlemsskapet i SSIS)
- Fairtrade-avtale
- Innkjøpsinstruks
- Innkjøpsrutine

#### 1.3.1 Utdrag av lov og forskrifter om offentlige anskaffelsar:

Norge har gjennom EØS-avtalen og WTO-avtalen forplikta seg internasjonalt til å fylgje bestemte framgangsmåtar ved anskaffelsar over visse verdiar (terskelverdiar). Lova, med tilhøyrande forskrifter, gjeld også ved anskaffelsar under terskelverdien. Formålet med lov/forskrifter er å bidra til auka verdiskaping i samfunnet gjennom å sikre mest muleg effektiv ressursbruk. Dette skal ein nå gjennom offentlege anskaffelsar basert på forretningsmessigheit og likebehandling. Regelverket skal også bidra til auka tillit til offentlege anskaffelsar skjer på ein samfunnstenleg måte ved at det offentlege opptre med stor integritet.

Kommunane er omfatta av regelverket, og det gjeld alle anskaffelsar av varer, tenester og bygge-og anleggskontrakter. Av lova går det fram at det er eit grunnleggande krav at oppdragsgjevar (i dette tilfelle kommunen) ikkje skal diskriminere leverandørar, hindre konkurranse eller dele opp anskaffelsar for å omgå bestemmelsane. Kommunane skal også ta hensyn til livssyklus-kostnader, universell utforming og miljømessige konsekvensar under planlegging av ein anskaffelse.

Forskrift om innkjøpsreglar i forsyningssektorane gjeld for vatn-og energiforsyning, men her er det sagt at kommunar skal fylgje reglane i forskrift om offentlege anskaffelsar (jfr. forskrift § 1-2, 2 ledd).

Forskrift om offentlege anskaffelsar skil mellom tre typar anskaffelsar. Del I gjeld for alle anskaffelsar, og tek føre seg alminnelege bestemmelsar. Del II tek for seg anskaffelsar under EØS-terskelverdiane og uprioriterte tenester (t.d. hotell-og restaurant, juridiske tenester, helse-og sosiale tenester mv). Dette gjeld i hovudsak anskaffelsar som overstig nasjonal grenseverdi på kr. 500', men som ikkje overstig EØS-terskelverdiane. Del III gjeld anskaffelsar over EØS-terskelverdiane. Terskelverdiane for 2013 var 1,6 mill eks mva for vare-og tenestekontrakter og 40 mill eks mva for bygge-og anleggskontrakter (for 25/6-2012 nr 654).

Det er krav til føring av innkjøpsprotokoll ved anskaffelsar over 100', men det er ein litt enklare protokoll i forhold til innkjøpsprotokoll for innkjøp over 500'.

Forskrifta (§ 3-2) inneheld regelverk for kva protokollar skal innehalde av opplysningar, og det er forskjell mellom anskaffelsar 100'-500', og over 500'. For anskaffelsar mellom 100'-500'.

- Namn på virksomheit (kommunen) og protokollfører sitt namn
- Kort beskrivelse av kva som skal anskaffast
- Verdi på kontrakta (vurdert ved start av anskaffelsesprosess)
- Type konkurranse og namn på leverandørar
- Ev. ingen konkurranse skal begrunnast
- Ev. begrunnelse for bruk av leverandørar med skatte- og avgiftsrestansar
- Kort begrunning for val av leverandør og kontraktsverdi
- Ev. andre relevante og vesentlege forhold av betydning for konkurransen
- Dato og protokollfører sin signatur

Protokoll for anskaffelsar over 500' har fleire tilleggsbestemmelsar, i hovudsak gjeld dette meir begrunnelse mv.

Forskrift for offentlege anskaffelsar inneheld ei rekke krav til prosedyrar for å gjennomføre ein anskaffelse. Avhengig av verdi og type vil desse variere, men det stillast krav til m.a. val av anskaffelsesprosedyre, innhenting av tilbod eller utlysing/kunngjering, konkurransegrunnlag, fristar, gjennomføring og avslutning av konkurransen. Av forskrifta går det også fram viktigheita av dette med dokumentasjon, protokollføring og innhenting av HMS-egenerklæring og skatteattest for både mva og skatt.

Forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontrakter heimlar bestemmelsar om at ansatte i virksomheiter som utfører tenester og bygge- og anleggsarbeid for offentlege oppdragsgjevarar ikkje skal ha dårlegare løns- og arbeidsvilkår enn det som går fram av landsomfattande tariffavtale eller det som elles er normalt for vedkomande stad og yrke.

### 1.3.2 Forvaltningslova

Reglane om habilitet i forvaltningsloven § 6-10 gjeld ved behandling av saker som er omfatta av forskrifta.

Ein offentlig tenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffe avgjerd i ei forvaltningssak når han sjølv er part i saka, når han er i slekt eller svogerskap med ein part (i rett opp- eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søsken), når han er eller har vore gift med eller er forlovet med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til ein part, når ein er verge eller fullmektig for ein part i ei sak mv.

Likeså er han ugild når andre særegne forhold forelegg som er egna til å svekke tilliten til hans upartiskheit; det skal blant anna leggest vedk på om avgjerda i saka kan innebære særleg fordel, tap eller ulempe for ham eller nokon som han har nær personleg tilknytning til.

### 1.3.3 Ethiske retningslinjer (K-sak 64/97):

Retningslinjene gjeld både tilsette og politikarar. Alle medarbeidarane skal leve etter prinsippet heiderleg, ærleg og opa framferd i alt arbeid for Volda kommune. Alle pliktar lojalt

å etterleve dei lovene, forskriftene og reglementa som gjeld for Volda kommune si verksemd. Alle har også eit sjølvstendig ansvar for å ta opp saker som ein får kjennskap til på arbeidsplassen og som ikkje er i samsvar med kommunen sine etiske retningslinjer. Alle medarbeidarar skal aktivt ta avstand frå og arbeide mot all uetisk forvaltningspraksis. Dei skal unngå å kome i situasjonar som kan føre til konflikt mellom kommunen sine interesser og personlege interesser, og dette kan også gjelde tilfelle som ikkje kjem inn under reglane om ugildskap.

Dersom personeleg interesser kan påverke avgjerda i ei sak, som ein har fagleg ansvar for eller deltek i handsaminga av, skal ein ta dette opp med næraste overordna. Døme på dette kan t.d. vere personlege økonomiske interesser som kan føre til at ein kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i forhold til kommunen si verksemd.

Medarbeidarane skal unngå personelege fordelar som er av ein slik art at dei kan påverke, eller vere eigna til å påverke handlingar, saksførebuing eller vedtak. Tilbod om «gåver» for å ta ein bestemt standspunkt i ei sak skal ein avslå og rapportere via næraste overordna til adm.sjef/ordførar og kommunerevisjonen.

Invitasjon til middag/lunch arrangert av leverandør skal avklarast med næraste overordna. Reiser betalt av potensielle leverandørar i samband med innkjøp, må rapporterast til adm sjefen som avklarar med politisk organ. Andre tenestereiser som vert betalt av andre, må avklarast med sektorsjef. Slike reiser skal ha ei klar fagleg forankring, og må ikkje ha karakter av rein «kundeoppfølging».

### **1.3.4 Gjeldande rammeavtalar for 2013 (forpliktande gjennom medlemskapet i SSIS):**

Jfr. pkt 4.

### **1.3.5 Fairtrade-avtale**

Kommunestyret har fatta flg vedtak:

«Volda kommune støttar Fairtrade arbeidet, og vil forplikte seg til å servere fairtrade- kaffi og te på alle kommunale møter. Kultur og næringssejfen vert peika ut som kommunen sin representant i styringsgruppa for Fairtrade- kommunen Volda.»

### **1.3.6 Innkjøpsinstruks for Volda kommune (sak 30/98):**

Alle som skal gjer innkjøp i Volda kommune er pålagt å nytte reglane i denne instruksen. Alle folkevalgte og tilsette skal setje strenge krav til integritet og etikk for kommunen, og auke respekten for anbodsarbeidet ved å ta avstand frå og kjempe mot alle former for uetisk forrettningspraksis. Høg forretningsetisk standard skal også prege dei interne tilhøva, og rapportering, framlegg og informasjon skal gå føre seg på ein ærleg og open måte. Innkjøpsinstruksen inneheld reglar for likehandsaming av leverandørar og krav til miljømessige vurderingar.

Det er vidare sagt at oppdragsgjevar skal stille slike krav til kvalifikasjonane til kandidatane at berre kandidatar som har betalt skattane og avgiftene sine, og som driv verksemda si i samsvar med lovene i landet, kan ta del i konkurransen om oppdraget. Dette er ei skjerping i forholdet til lov/forskrift, der det er opna for at slike kandidatar kan vere med men dette skal spesielt begrunnast i innkjøpsprotokollen.

Instruksen inneheld vidare ein del bestemmelsar om habilitet. Ein tenestemann kan ikkje ta del i konkurransen om leveransar til den administrasjonen der han gjer teneste, det same firma som tilsett eller nærstående eig. Ein tenestemann kan naturleg nok ikkje opptre som konsulent og heller ikkje som representant for ein kandidat, anbydar eller tilbydar overfor den administrasjon en der han gjer teneste.

Ellers inneheld bestemmelsane ein del andre restriksjonar på kven som kan få vere med i anbudskonkurransar; knytningar som gjer at det er eigna til å svekkje tilliten til at konkurransen vil verte gjennomført på ein upartisk måte mv. Oppdragsgjevaren skal heller ikkje søkje eller ta imot råd som kan verte nytta ved utarbeiding av spesifikasjonar for eit særskilt innkjøp, frå nokon som kan ha økonomisk interesse i innkjøpet, når dette går føre seg på ein måte som vil kunne hindre konkurranse.

Direkte innkjøp er innkjøp som vert gjorde ved direkte førespurnad til ein eller fleire leverandørar utan at det vert henta inn anbod, og denne type kjøp skal også gjerast etter konkurranse. Direkte innkjøp kan nyttast når prisen ikkje går over 50', det finst berre ein leverandør eller vara/tenesta er av ein slik art at det ikkje vert sett på som naudsynt å forhandle om vilkåra, når det gjeld tilleggstingingar som skal dekkje uventa behov, når innkjøpet på grunn av uventa omstende ikkje kan utsetjast eller særlege gunstige tilbod ikkje vil kunne nyttast dersom ein nyttar open eller avgrensa anbudskonkurranse eller innkjøp etter forhandling.

### **1.3.7 Innkjøpsrutine (økonomihandboka kap 2.1.2.1):**

Ved alle innkjøp skal reglane i kommunen sin instruks for innkjøp nyttast.

På dei områda som det er inngått innkjøpsavtalar med ulike firma, er dei innkjøpsansvarlege pliktige til å bruke desse ved tinging av varer.

## **2 METODE OG GJENNOMFØRING**

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane. Vi tek utgangspunkt i relevante dokument, korrespondanse med administrasjonen og samtaler/ intervju ved behov.

Revisjonen vil ta utgangspunkt i rekneskapssystemet, og foreta eit utvalg av større innkjøp på hhv drift og investering som skal testast mot regelverket (minimum eit kjøp pr innkjøpar/tilvisar). Vidare vil vi gjennom analyse av leverandørar vurdere om rammeavtalane vert brukt. Til slutt vil vi sjå om kommunen kjøper fairtrade-produkter.

For å få eit representativt utval har vi valgt å kontrollere minimum eit innkjøp pr innkjøpar/tilvisar (nokon har fleire innkjøp).

Prosjekter vert utført i samsvar med revisjonsstandard for forvaltningsrevisjon RSK 001.

### **2.1 Dokument**

Dei viktigaste dokumenta som vert undersøkt er:

- Rekneskap
- Anbudsdokument
- Innkjøpsprotokollar mv

## 2.2 Verifisering av data

Utkast til rapport med vurdering og anbefalingar vart sendt rådmannen for verifisering og uttale den 10.11.2014, med frist for tilbakemelding 26.11.2014.

## 2.3 Avgrensing

Prosjektet er avgrensa til å gjeld innkjøp og investeringar inngått i 2013. Foretek vurdering på 2013, og ikkje samanlikning mot tidlegare år. Det viktigaste med prosjektet er å slå fast gjeldande praksis, og då meiner vi at siste rekneskapsår er det mest relevante.

Vi har valgt å halde utanfor innkjøp under 50', sjølv om også desse skal vere gjenstand for konkurranse.

Når det gjeld vurdering av kjøp via rammeavtalar har vi ikkje gått inn og sett på om regelverket er fulgt når det gjeld inngåing av rammeavtalen. Vi har vidare kun vurdert om rammeavtalar inngått av innkjøpssamarbeidet SSIS vert nytta, og ikkje kommunen sine egne avtalar. Dette fordi det er vanskeleg å få fullstendig oversikt over desse.

For utvalgsmetode og utvalgsmengde vedk. problemstilling 1 viser vi til pkt 3.1.

## 3 FYLGJER KOMMUNEN REGELVERKET VEDKOMANDE OFFENTLEGE ANSKAFFELSAR

### Fakta og vurderingar

Utgangspunktet er drifts- og investeringsrekneskapen for 2013. Denne viser flg.:

Innkjøpskostnader mellom 50'-100' drift – antal innkjøp relevant for prosjektet utgjer 38 med 15 forskjellige innkjøparar/tilvisarar, av sistnemde er 11 aktuelle for prosjektet.

Innkjøpskostnader >100' drift – antal innkjøp relevant for prosjektet utgjer 19 med 7 forskjellige innkjøparar/tilvisarar

Investering over 100' (nye prosjekt i 2013) – antal nye prosjekt utgjer 24 med 9 forskjellige innkjøparar/tilvisarar.

For å få eit representativt utval har vi valgt å kontrollere minimum eit innkjøp pr innkjøpar/tilvisar (nokon har fleire innkjøp).

### 3.1 Innkjøp med kostnad mellom 50'-100' (drift)

#### 3.1.1 Eskan AS:

Direkte kjøp konsulenttenester for å få fram kvalifisert overslag over inntekter av eigedomsskatt (grunnlag for politisk sak om innføring av eigedomsskatten). Det ligg ikkje føre noko dokumentasjon i høve innkjøpet. Iflg innkjøpar hadde ein tidspress, og kontakta derfor firmaet som takserte for Ørsta (som har innført eigedomsskatt frå 2013) og avtalte møte. På møtet vart det opplyst at det kun var dette firmaet som utarbeidar prognose etter den metoden som dei gjorde (analyse av kommunen sin matrikkeldatabase). Innkjøpar gjorde eit søk på nettet utan å finne andre leverandørar, og Telemarksforskning v/Lie vart også kontakta. Dei hadde ei heilt anna tilnærming, og var derfor ikkje aktuelle.

#### Vurdering:

Då det ikkje ligg føre dokumentasjon er det uråd vurdere om kjøpet har skjedd etter regelverket for offentlege anskaffelsar.

### **3.1.2 Brændes rørleggerforretning AS :**

Etter skifte av nye uv-aggregat vart det oppdaga at der ikkje var omkøyringsmulegheit ved nedvask av hovedbassentet. Dette stod for tur å utføre og hadde høgaste prioritet. Derfor måtte det skaffast ekstra sikkerheitsventil fordi trykket inn på anlegget er høgt, samt andre komponentar som måtte brukast. Innkjøp gjeld rørdelar til basseng, inklusiv sveising rustfritt.

Leiar ved avdelinga har notert på faktura at innkjøpar over telefon var i kontakt med 3 firma, og at det av tidsomsyn vart valgt Brændes rørleggerforretning. Iflg tilbakemelding kunne Scana Volda ikkje ta oppdraget, medan P.E. Bjørdal hadde eit anna oppdrag som måtte ferdigstillast først. Det var sistnemte firma som tipsa om at Brændes rørleggarforretning AS hadde fagmann på dette området som kunne utføre det etterspurte arbeidet.

Iflg tilbakemeldingane var dette eit hasteoppdrag som ikkje kunne vente, og Brændes rørleggerforretning AS vart derfor valgt.

#### **Vurdering:**

Under føresetnad av at opplysningane stemmer (vanskeleg å etterprøve), vurderar ein det slik at kjøpet har skjedd etter regelverket for offentlege anskaffelsar.

### **3.1.3 Berknes maskinstasjon AS :**

Dette er tilleggstenester relatert til eit anbud på Gjerdeplassen/Kaivegen. Det låg i anbudet at entreprenøren hadde rett til å få utføre tilleggsarbeidet etter tilbodet sine einingsprisar

Kostnad 54.115,-.

#### **Vurdering:**

Kjøpet har skjedd etter konkurranse.

### **3.1.4 Grande trevare AS :**

Dette gjeld kjøp av stolar. Innkjøpsprotokoll er utfylt, og utskifting av stolar påbegynt 2012. Den gang kjøpt hjå eit firma, og lova same rabatt i 2013. Iflg. protokollen har dei innhenta pris frå eit anna firma, men dette firmaet krev 160' i frakt.

#### **Vurdering:**

Kjøpet har skjedd etter konkurranse iht regelverk.

### **3.1.5 Brændes rørleggarforretning:**

Direktekjøp av rørdelar. Iflg tilbakemelding er dette innkjøp av nye varmtvasstankar på rådhuset. Innkjøpar har slutta, og det har ikkje lukkast å finne dokumentasjon i saka.

#### **Vurdering:**

Det ligg ikkje føre dokumentasjon som gjer at vi kan vurdere om kjøpet har skjedd etter regelverket for offentlege anskaffelsar.

### 3.1.6 Tussa installasjon AS:

Iflg tilbakemelding gjeld dette utgifter til installasjonsarbeid i samband med planlagt flytting av Austefjord barnehage til det «nye skulebygget». Iflg tilbakemelding er det ikkje henta inn pris frå andre enn Tussa.

#### Vurdering:

Kjøpet har ikkje skjedd etter konkurranse.

### 3.1.7 Notabene:

Inngått avtale med Kontorpluss Bok og Miljø AS gjaldt til 9/6-13, medan avtalen kunne forlengast dersom kommunen kontakta leverandøren innan 3 mnd før avtalen gjekk ut (dette var ein avtale som gjaldt fleire kommunar). Sidan leverandøren ikkje hørde noko, avslutta ein avtalen pr 9/6-13. Frå leverandøren si side vart det m.a. oppgitt at volumet på innkjøp hadde vore vesentleg mindre enn det som var oppgeve ved avtalestart og som låg til grunn for rabatten som vart gitt. Etter oppseiinga frå Kontorpluss Bok og miljø AS forhørte dei seg (iflg rådgivar på skulekontoret) lokalt om nokon kunne gi betre tilbod enn andre. Dei fann då ut at det ikkje var skilnad i prisar, og skulane vart fristilte. Påstandane er ikkje dokumentert.

Iflg tilbakemelding gjeld dette skulebøker hausten 2013, og rektor har meldt tilbake at det ikkje vart innhenta tilbod frå fleire lokale innkjøparar anna enn at det vart sjekka prisar på nettsida til Haugen bok og snakka med Notabene v/kontaktperson. Førstnevnte har ikkje vore muleg å etterprøve.

#### Vurdering:

Det er ikkje dokumentert at kjøpet har skjedd etter konkurranse.

### 3.1.8 AK maskiner:

Dette gjaldt kjøp av plog med tilleggsutstyr. Det er dokumentert at ein har forespurt 3 leverandørar og motteke tilbod frå to. Valgt leverandør med lavast pris.

#### Vurdering:

Kjøpet har skjedd etter konkurranse.

### 3.1.9 Sixt leasing – Autoleie:

Etter innhenta dokumentasjon, viste dette seg å vere «avrekning» i samband med avslutning av leasingavtale bilar. Leasingavtalen vart i si tid framforhandla av SSIS, og det var der definert kva ein skulle godkjenne og stillast til ansvar for når tilbakelevering av bilane skulle finne stad. Denne kostnaden kunne derfor ikkje vere gjenstand for konkurranse, utover at den er eit resultat av gjennomført konkurranse på leasing.

### 3.1.10 Varodd:

Det er dokumentert at det er forespurt to leverandørar og motteke skriftleg tilbod frå to. Valgt leverandør med lavast pris.

#### Vurdering:

Kjøpet har skjedd etter konkurranse.

### 3.1.11 Eik-senteret Surnadal:

Vi har fått utlevert dokumentasjon på tilboda frå to tilbydarar, veit ikkje om det har vore fleire inne i bilde då det manglar protokoll. Kjøpet er egentleg over 100' eks mva, pga innbytte. Ikkje dokumentert framlagt skatteattest.

Kostnad 130.000,-, og fått 40.000,- i innbytte.

#### Vurdering:

Kjøpet er egentleg over 100' pga innbytte, men i rekneskapen er det ført netto og kjem derfor under grensa på 100'. I forhold til regelverket vedk.offentlege anskaffelsar, skulle dette vore eit prosjekt over 100'. Det skulle ha vore ført innkjøpsprotokoll og vore innhenta skatteattest.

Verdien på kjøpet er feil «klassifisert», og derfor gjennomført utan innkjøpsprotokoll og attestar. Kjøpet har ikkje vore i samsvar med regelverket for offentlege anskaffelsar.

### 3.1.2 Delkonklusjon

Vi har undersøkt 11 kjøp i denne kategorien, av dette er eit kjøp ikkje egna for vurdering i denne samanheng (jfr. pkt. 3.1.2.9).

Av ti kjøp er fem i samsvar med regelverk, medan fire ikkje er i samsvar. Eit kjøp er gjort av ein tilsett som har slutta, og det har ikkje vore muleg å få framlagt dokumentasjon.

## 3.2 Innkjøp med kostnad >100' (drift)

### 3.2.1 Ahlsell AS:

Dokumentert tilbud frå to tilbydarar, iflg innkjøpar er det ikkje andre tilbydarar i området som kan konkurrere i pris. Det er ikkje ført innkjøpsprotokoll, og heller ikkje innhenta skatteattest og HMS-erklæring.

Verdi kontrakt 258.743,-, valgt dyraste tilbydar (kr. 9.000,- dyrare).

#### Vurdering:

Innkjøpar har vurdert at det kun er to tilbydarar i området, men iflg regelverket kan ein ikkje diskriminere leverandørar på grunn av lokal tilhøyrligheit. Vidare skal det ved anskaffelsar over 100' førast innkjøpsprotokoll og innhentast skatteattest. Det er ikkje gjort i samband med dette kjøpet.

Anskaffelsen er ikkje utført i samsvar med regelverket for offentlege anskaffelsar og innkjøpsinstruksen til Volda kommune er heller ikkje fulgt mht å vurdere om leverandøren har betalt sine skattar og avgifter.

### 3.2.2 Per Mulvik AS:

Invitasjon til 7 leverandørar om å delta i konkurranse om å utarbeide detaljreguleringsplan for fire område, derav det eine er Rotsetfjæra.

Det er ikkje sett krav til skatteattest/HMS, men er sett krav om oversikt over foretaket si totale bemanning, bemanning for dette oppdraget ,oversikt over foretaket sine viktigaste leveransar dei siste 3 åra, referansar . Open anbuds konkurranse.

Tildelingskriterie: 40% pris, 30% kunnskap om prosjekt av tilsvarande type og omfang/fagkompetanse i prosjektet, 30% kapasitet/tidsramme for oppstart/gjennomføring.



Frist for mottak av tilbud 16/8-12 kl 12.00, tilbudsopning 20/8-12 kl. 12.00. Vedståelsesfrist inntil 16/11-12.

Verdi kontrakt 169.200,-.

Motteke tilbud frå fire leverandørar. To har meldt tilbake at dei ikkje har kapasitet, medan den siste har dei ikkje høyrte frå. Tilboda er evaluerte, og to av leverandørane har fått tildelt oppdrag med to reguleringar kvar.

Vi har fått tilsendt tilboda frå dei to aktuelle leverandørane. Begge har levert alt det er bedt om, samt skatteattest (skatt/moms) og HMS. Det var ikkje bedt om dette, men det er krav iht forskrift off. innkjøp. Det har ikkje vore nytta innkjøpsprotokoll, men det er utarbeida eit brev der ein har gjort greie for vurdering/tildeling.

#### **Vurdering:**

I samband med utlysinga vart det ikkje krevd skatteattest/HMS, men tilbydarane har levert dette. Det er vidare ikkje nytta innkjøpsprotokoll, men tildelingsbrevet inneheld dei fleste moment som skal gå fram av ein innkjøpsprotokoll.

Kjøpet er gjort etter konkurranse, og med dei manglar som er nemnt over er anskaffelsen i hovedsak utført i samsvar med regelverket for offentlege anskaffelsar.

#### **3.2.3 Øen kuldetechnik:**

Innkjøp av energisentral/varmepumpe omsorgssenter, utlyst Doffin som bygge-og anleggskontrakt. Krav til firmaattest, skatteattest (skatt/mva) og HMS-erklæring, årsmelding/rekneskap, samt bemanning for dette oppdraget med namn og CV for nøkkelpersonar og oversikt over foretaket sine viktigaste leveransar dei siste 3 åra. Krav om bankgaranti, totalentreprise. Open anbuds konkurranse.

Tildelingskriterie: Det økonomisk mest fordelaktige tilbud vurdert på grunnlag av kriteriar og vekting fastsatt i konkurransegrunnlaget.

Frist for å be om tilgang til konkurransegrunnlag og/eller andre dokument 16/8-13. Frist for mottak av tilbud 20/8-13 kl 12.00, tilbudsopning 20/8-13 kl. 12.00. Vedståelsesfrist inntil 18/10-13.

Verdi kontrakt 1.398.000,-

Iflg tilbakemelding gjeld dette akonto fakturering av investeringsprosjekt ny varmepumpe på omsorgssenter, og høyrer til investeringsprosjekt 501200 (men dette er ført i drift). Innkjøpar har slutta, og det har ikkje lukkast å få fram dokumentasjon på prosessen etter utlysinga.

#### **Vurdering:**

Det har ikkje vore muleg å få dokumentasjon då innkjøpar har slutta.

#### **3.2.4 Asplan Viak AS:**

Kjøp av konsulentteneste vedk. regionalt knutepunkt, utlyst Doffin. Krav til firmaattest, skatteattest (skatt/mva) og HMS-erklæring, signert eigenerklæring ILO konvesjon 94 og signert eigenerklæring om løns-og arbeidsvilkår i offentlege kontrakter, årsmelding/rekneskap, samt bemanning for dette oppdraget med namn og CV for nøkkelpersonar og oversikt over foretaket sine viktigaste leveransar dei siste 3 åra. Open anbuds konkurranse.

Tildelingskriterie: Det økonomisk mest fordelaktige tilbud vurdert på grunnlag av kriteriar og vektning fastsatt i konkurransegrunnlaget.

Frist for mottak av tilbud 16/11-12 kl 12.00, tilbudsopning 16/11-12 kl. 12.00.  
Vedståelsesfrist inntil 16/2-13.

Verdi kontrakt 500.000,-.

8 leverandører leverte tilbud. Alle leverandørene oppfylte kvalifikasjonskrava og dokumentasjonskrava. Det vart ført innkjøpsprotokoll.

#### **Vurdering:**

Kjøpet er gjennomført i samsvar med regelverket.

#### **3.2.5 KB Service feiing:**

Innkjøp av feietenester, ført innkjøpsprotokoll. I 2012 vart det iflg saksbehandlar utsendt e-post til 4 aktører, og kun ein gav tilbud innan fristen (etter fristen kom ein aktør til på bana). Det vart skrivne kontrakt for 1 år, men kontrakta er forlenga både for 2013 og 2014 utan ny runde. Ikkje dokumentert at det er framlagt skatteattest eller HMS-erklæring.

Saksbehandlar hevdar å ha muntleg førespurt om andre kommunar har ledig kapasitet for å kunne ta feiing i Volda utan å få positivt svar, og at K.B. Service er einaste tilbydar av feieteneste her i distriktet.

Iflg tilbakemeldinga er førespurnad sendt til brannsjef/leiar forebyggande i kommunane. Avtalane har ikkje ein samla totalverdi, men pris for feiing pr pipeløp. Det har vore bestilt feiing av ett vist antall piper ulikt frå år til år og avhengig av behov, med bestilling 2-3 gonger i året. Kommunen har eigen feiar, og innkjøp av tenester kjem i tillegg til eigen innsats.

Det er ikkje innhenta skatteattest eller HMS-erklæring.

Kjøp i 2013 utgjorde 340' eks. mva, i 2012 vart det kjøpt for 343' og i 2011 156'.

I tilbakemeldinga skriv innkjøpar at ein aldri kan vere 100% sikker på at det ikkje finst andre aktører, men han meiner, innan rimeligheta sine grenser, at dei har sjekka opp og har god oversikt.

#### **Vurdering:**

Her har innkjøpar lagt seg på ei linje der ein meiner å vite at det ikkje er andre tilbydarar i regionen. Iflg regelverket kan ein ikkje diskriminere noko pga geografiske forhold, og viss der er tilbydarar utanfor området må dei få anledning til å vere med.

Innkjøpsinstruksen til Volda kommune seier også at kandidatar skal ha betalt sine skattar og avgifter for å kunne vere med å levere til kommunen, og dersom ein ikkje har henta inn slike erklæringar veit ein ikkje om kriteriet iht kommunen sin eigen instruks er oppfylgt.

Kjøpet har ikkje fulgt regelverket som gjeld for offentlege anskaffelsar, og er heller ikkje i samsvar med Volda kommune sin innkjøpsinstruks.

#### **3.2.6 Brannvernservice.no AS:**

Kjøp av vedlikehaldstenester røykdykkarutstyr. Det vart sendt ut forespørsel til to firma, og begge leverte tilbud/prisliste.

Kostnad i 2013 utgjør kr 134.169,- eks mva.

**Vurdering:**

Iflg tilbakemelding frå innkjøpar er det ikkje innhenta skatteattest/HMS erklæring då kostnaden pr år normalt er på kring 50' sjølv om det akkurat i 2013 vart over 100' (pga at utstyret passerte 10 år og då er det ein meir omfattande kontroll). Vår vurdering er at det burde vere kjent for innkjøpar at det måtte utførast ein 10-års kontroll i 2013, dessutan viser avtalen som er inngått at den gjeld for 3 år og såleis har ein samla verdi på over 100' uansett.

Kjøpet har skjedd etter konkurranse, men det er ikkje ført innkjøpsprotokoll. Det er heller ikkje innhenta skatteattest eller HMS-erklæring. Ein har heller ikkje fulgt kommunen sin innkjøpsinstruks, som tilseier at ein må innhente skatteattest for å kunne vurdere om leverandøren har betalt sine skattar og avgifter.

**3.2.7 Ramsalt Lab AS:**

Fått framlagt tilbudsdokument frå sju tilbydarar, som inneheld skatteattest, HMS-erklæring og referansar.

Vi har motteke dokumentet val av leverandør som stettar krava som er til innkjøpsprotokoll for kjøp over 100'.

Verdi kontrakt 294.000,-

**Vurdering:**

Kjøpet er gjennomført i samsvar med regelverket for offentlege anskaffelsar.

**3.2.8 Jan M. Skalde:**

Innkjøp av brøytetenester (9 roder), utlyst Doffin. Krav til firmaattest, skatteattest (skatt/mva) og HMS-erklæring, samt årsmelding/rekneskap, evt. referansar med oversikt over kontrakter av tilsvarande produkt, mengde og volum. Konkurranse med forhandling.

Tildelingskriterie: Pris 70%, gjennomføringsevne (utstyr) 30%.

Frist for mottak av tilbod 2/10-13 kl 13.00.

Vedståelsefrist 2/1-14.

Verdi kontrakt er ikkje angitt, men det er utbetalt kr. 370.521,- i 2013 til denne leverandøren (som fekk tildelt ein av ni roder).

Levert HMS og utskrift frå likning 2012, men ikkje levert skatteattest. Det har heller ikkje vore levert referansar, men vedkomande har hatt brøytetenester over fleire år.

Kommunen har ikkje ført innkjøpsprotokoll. Vi har fått oversendt ei oppstilling over kven som har gitt tilbod, og oppstillinga er signert av tre tilsette i kommunen.

**Vurdering:**

Oppstillinga nemnt ovanfor inneheld ikkje dei opplysningar som forskrifta krev at protokollar for anskaffelsar mellom 100' og 500' skal innehalde. Det er heller ikkje innhenta skatteattest og HMS-erklæring.

Kjøpet har skjedd etter konkurranse, men det er ikkje ført tilfredsstillande innkjøpsprotokoll. Det er heller ikkje innhenta skatteattest eller HMS-erklæring. Ein har heller ikkje fulgt kommunen sin innkjøpsinstruks, som tilseier at ein må innhente skatteattest for å kunne vurdere om leverandøren har betalt sine skattar og avgifter.

### **3.2.9 K.A Aurstad AS:**

Høvelteneste, utlyst Doffin, utlyst som ein del av utlysingar på pkt 3.2.1.8 ovanfor. Krav til firmaattest, skatteattest (skatt/mva) og HMS-erklæring, samt årsmelding/rekneskap, evt. referansar med oversikt over kontraktar av tilsvarande produkt, mengde og volum. Konkurransen med forhandling.

Tildelingskriterie: Pris 70%, gjennomføringsevne (utstyr) 30%.

First for mottak av tilbod 2/10-13 kl 13.00.

Vedståelsefrist 2/1-14.

Verdi kontrakt ikkje angitt.

Ingen leverte anbud på høvelteneste. Denne leverandøren har hatt dei siste 4 åra, og kostnaden i 2013 var på kr 120.966,- + andel av beredskap vintersesongen 13/14 på kr. 75.000,-. I følg opplysningane vart det no teke telefonisk kontakt med Ørsta kommune, Volda maskin, Mesta og Veidekke, men ingen av desse kunne stå for høvelteneste. Det vart derfor inngått kontrakt med K. A. Aurstad for brøytesesongen 2013/2014.

### **Vurdering:**

Kjøpet er i samsvar med regelverket vedkomande offentlege anskaffelsar.

### **3.2.10 ISS Reinhold:**

Reinholdstenester, utlyst Doffin 9/3-12, 2 år +1+1. Krav til firmaattest, skatteattest (skatt/mva), HMS-erklæring og forsikringsattest som viser ansvarsforsikring på min 15 mill kr og yrkesskadeforsikring for sine ansatte, signert eigenerklæring ILO konvensjon nr 94 og signert eigenerklæring om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontrakter, siste års rekneskap med notar samt nyare opplysningar som har relevans til foretaket sine rekneskapstal, oversikt over verksemda si totale bemanning, oversikt over verksemda si dedikerte bemanning relatert til oppdraget med namn og CV for nøkkelpersonar, og dokumentasjon til dei tilsette som skal utføre arbeidet, og oversikt over firmaet sine viktigaste leveransar dei siste 3 åra inkludert verdi, tidspunkt, mottakar og kontaktperson. Det går fram av pkt 5.3 at dersom kvalifikasjonskrava ikkje er oppfylt vil tilbodet bli avvist. Open anbuds konkurranse.

Vedståelsesfrist: 20.07.2012.

Tildelingskriterie: Pris 45%, kvalitet, oppgåveforståing og kompetanse 40% og miljø 15%.

Frist for mottak av tilbod 20/4-12 kl 12.00, skal ikkje vere anbudsopning men vurdering og evaluering av anbud veke 17 med melding om tildeling 27/4-12.

Frist for mottak av tilbod 20/4-12 kl 12.00, skal ikkje vere anbudsopning men vurdering og evaluering av anbud veke 17 med melding om tildeling 27/4-12.

Det er ført innkjøpsprotokoll. I følg tildelingsbrevet mottok ein to tilbod, og det eine er avvist pga at det kom for seint. Det var derfor berre ein tilbydar. Alle kvalifikasjonskrav er oppfylt, og krevde dokument er vedlagt tilbudet.

**Vurdering:**

Kjøpet er i samsvar med regelverket vedk. offentlige anskaffelser.

**3.2.11 Aasbø og Ulvestad installasjon AS:**

Ifølge tilbakemelding gjeld dette ombygging av auditorium på Volda ungdomsskule, kostnad kr. 146.838,-. Innkjøper har slutta, og det har ikkje lukkast å finne dokumentasjon i saka.

**Vurdering:**

Det ligg ikkje føre dokumentasjon som gjer at vi kan vurdere om kjøpet har skjedd etter regelverket for offentlige anskaffelser.

**3.2.12 Berknes maskin endringsarbeid Gjerdeplassen Kaivegen,:**

Dette gjeld utbetring av eksisterande vassledning på Gjerdeplassen Kaivegen i samband med utbygging byggefelt, og kjem inn under tilleggsarbeid. Det låg i anbudet at entreprenøren hadde rett til å få utføre tilleggsarbeidet etter tilbodet sine einingsprisar, jfr. også punkt 3.1.3.

Kjøpet er over 100', og då er det krav til skatteattest og HMS, samt protokoll. Dette er kontrollert via anbudet som Berknes maskin AS leverte i samband med den større utbygginga.

**Vurdering:**

Kjøpet er i samsvar med regelverket vedk. offentlige anskaffelser.

**3.2.2 Delkonklusjon**

Vi har undersøkt 12 kjøp i denne kategorien.

Av tolv kjøp er seks i samsvar med lov og regelverk, medan fire ikkje er i samsvar. I tillegg er det to kjøp gjort av tilsett som har slutta, og der har det ikkje lukkast å få framlagt dokumentasjon som gjer at vi kan vurdere dette.

**3.3 Investering**

I investeringsrekneskapan for 2013 er det totalt 46 prosjekt over 100'. Av desse er 25 prosjekt nye i 2013, og vi har plukka ut 7 prosjekt med forskjellige innkjøparar.

**3.3.1 Grande Interiør AS:**

Innkjøp av inventar/møblar voksenopplæringa som er utlyst i Doffin. Krav til firmaattest, skatteattest (skatt/mva) og HMS-erklæring. Open anbudskonkurranse.

Tildelingskriterie: Det økonomisk mest fordelaktige tilbod vurdert på grunnlag av kriteriar og vekting fastsatt i konkurransegrunnlaget.

Frist for mottak av tilbod 22/4-13 kl 12.00, tilbudsopning 22/4-13 kl. 12.00.

Verdi kontrakt mellom 400' -600'.

Det ligg føre innkjøpsprotokoll, og innkomne tilbod frå 5 leverandørar. Tilbudsopninga har vore 23/4-13 kl 10.00, og ikkje 22/4-13. 2 tilbod vart avvist. Alle leverandørane har levert firmaattest, skatteattest og HMS-erklæring.

**Vurdering:**

Regelverket vedk. offentlige anskaffelser er fulgt.

### 3.3.2 Geodata :

Fellesprosjekt med Sykkylven, prosess køyrt av Statens kartverk Molde, utlyst TED og Doffin. Krav til firmaattest, skatteattest (skatt/mva) og HMS-erklæring, årsmelding/rekneskap mv. Open anbudskonkurranse.

Tildelingskriterie: Vekting 50/50 kvalitet og pris.

Frist for mottak av tilbud 26/2-13 kl 12.00, tilbudsopning 26/2-13 kl. 12.00.Frist for tildeling av kontrakt 26/4-13. Krav til kunngjering av kontraktstildeling.

Verdi kontrakt 1,7 mill eks moms. Prossessen er køyrt av Statens kartverk i Molde, og det ligg føre kunngjering av kontraktstildeling 24/5-13 som viser at det var 4 tilbydarar. Av kontraktstildelinga går det fram mange av opplysningane som ein innkjøpsprotokoll skal innehalde, men kommunen har ikkje innkjøpsprotokollen på dette.

#### Vurdering:

Regelverket vedk. offentlege anskaffelsar ser ut til å vere fulgt, men kommunen burde bedt om å få tilsendt innkjøpsprotokoll og andre relevante dokument for å kunne vurdere om dette.

### 3.3.3 Midlertidige husvære:

Kjøp og oppføring av modulbaserte bustadar (leverandør skal ha ansvarsretten, og det skal byggast på kommunal grunn), utlyst Doffin som eit kjøp som er omfatta av forskrift del I. Ingen kvalifikasjonskrav, virkar veldig begrensa informasjon. Open anbudskonkurranse. I dokumentet som kommunen har utarbeidd, skal kjøpet fylgje forskrifta del I og II. Det er sett krav til firmaattest, skatteattest, momsattest, HMS-erklæring, siste årsrekneskap med notar, nyare opplysningar som har relevans til føretaket sine rekneskapstal, signert eigenerklæring ILO konvesjon nr 94, signert eigenerklæring om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontrakter og eigenerklæring innsyn i dokument .

Tildelingskriterie: 60% pris, kvalitative eigenskapar 20% og ferdigstillingsdato 20%.

Frist for mottak av tilbud 18/3-13 kl 12.00, ikkje sagt noko om tilbudsopning. Publisering av kunngjering 25/2-13.

Har ikkje fått dokumentert innkomne tilbud, kun vekting av dei ulike firma og brev vedk. tildeling av byggeoppdrag. Tilsett har slutta, og det har ikkje lukkast å finne nødvendig dokumentasjon.

#### Vurdering:

På bakgrunn av manglande informasjon og dokumentasjon kan vi ikkje vurdere om anskaffelsen er gjennomført i tråd med regelverket.

### 3.3.4 Bil-og gummiservice AS og Volda Bil AS:

Skulle gå til innkjøp av to bruktbilar, ramme 200'. Kjøpte ein til 99' og ein til 104'. Ikkje gått ut med tilbud, men fulgt med på annonser mv. Når det har dukka opp ein interessant bil, vart det forhandla fram avtale. Begge kjøp er gjort i regionen (Volda bil As og Bil-og gummiservice AS). Det er ført innkjøpsprotokoll, men ikkje innheta skatteattest.

Verdi kontrakt/kjøp 204.000,- (to bilar).

#### Vurdering:

Iflg tilbakemelding meiner innkjøpar at det ikkje var formålstenleg å lage tilbudsgrunnlag for dette, ramma var 200' for to bruktbilar. Etter vår vurdering burde det vore sendt ut forespørsel til fleire firma, og det er krav til å innhente skatteattest i samband med bilkjøpet.

Kjøpet har ikkje skjedd etter konkurranse, og det er ikkje innhenta skatteattest. Det ligg såleis føre brot på regelverket for offentlege anskaffelsar, og kommunen sin innkjøpsinstruks i samband med å vurdere om leverandøren har betalt sine skattar og avgifter.

### **3.3.5 Autoservice AS :**

Innkjøp av 2 elbilar, har fått utlevert konkurransegrunnlag som har vore sendt til 3 stk leverandørar. Krav til firmaattest, skatteattest (skatt/mva) og HMS-erklæring. Open anbuds konkurranse, ev. med forhandling.

Tildelingskriterie: Det økonomisk mest fordelaktige tilbod i forhold til tildelingskriteria pris og kostnader, miljø, bruksegenskapar, leveringstid, service og oppfølging.

Frist for mottak av tilbod 5/8-13 kl 12.00, ikkje sagt noko om tilbudsopning.

Vedståelsesfrist 5/11-13.

Verdi kontrakt 392.488,-

Vi har motteke dokumentert tilbod frå tre firma. Det er ikkje ført innkjøpsprotokoll, men har fått framlagt eit dokument som stettar dei krav som ein protokoll skal innehalde.

AS Autoservice har ikkje levert HMS, medan Ørsta bil AS har levert alt det er bedt om. Volda bil har ikkje levert noko av det som er etterspurt. Handla med AS Autoservice.

#### **Vurdering:**

HMS-erklæring er eit krav når det gjeld tenestekontrakter, men ikkje når det gjeld kjøp av varer. Når kommunen likevel har kravet med i tilbudsgrunnlaget, bør det sikrast at dokumentasjonen ligg ved.

Kjøpet har skjedd etter konkurranse, og fylgjer i hovudsak regelverket vedk. offentlege anskaffelsar.

### **3.3.6 Nordplan AS:**

Begrensa anbuds konkurranse vedk. detaljprosjektering av sambindingsveg med rundkøyring (prosjekt 701204). Det skal leveranst tilbuds brev, organisasjonsplan for prosjektet, dokumentasjon på kompetanse og kvalifikasjonar (firmaets sentrale godkjenning, CV for prosjekteringsleiar og saksbehandlarar med referanseliste over relevante prosjekt siste 3 år), tilbod med fast pris, framdriftsplan, skatteattest (skatt/avgifter), HMS-erklæring, beskrivelse av bedrifta sitt kvalitetssikringsssystem og timeprisar for oppfylgging.

Tilbod som ikkje er komplett skal avvisast. Tilbudsfrist 25/1-13, kl. 12.00.

Iflg anbudsopning og innkjøpsprotokoll låg det føre tilbod frå to firma, som begge oppfylte kvalifikasjonskrav og dokumentasjonskrav.

#### **Vurdering:**

Regelverket vedk. offentlege anskaffelsar er fulgt.

### 3.3.7 Prosjekt 701301 Utbygging bustadområde:

Dette gjeld innkjøp av tenester i samband med detaljregulering av bustadområde.

Invitasjon til 7 leverandørar om å delta i konkurranse om å utarbeide detaljreguleringsplan for fire område, derav to som har med bustadfeltet å gjere.

Ikkje sett krav til skatteattest/HMS, men sett krav om oversikt over foretaket si totale bemanning, bemanning for dette oppdraget ,oversikt over foretaket sine viktigaste leveransar dei siste 3 åra, referansar . Open anbuds konkurranse.

Tildelingskriterie: 40% pris, 30% kunnskap om prosjekt av tilsvarande type og omfang/fagkompetanse i prosjektet, 30% kapasitet/tidsramme for oppstart/gjennomføring.

Frist for mottak av tilbod 16/8-12 kl 12.00, tilbudsopning 20/8-12 kl. 12.00. Vedståelsesfrist inntil 16/11-12.

Verdi kontrakt 169.200,-.

Kommunen mottok tilbod frå fire leverandørar. To har meldt tilbake at dei ikkje har kapasitet, medan den siste har dei ikkje høyrte frå. Tilboda er evaluerte, og to av leverandørane har fått tildelt oppdrag med to reguleringar kvar.

Vi har fått gått gjennom tilboda frå alle leverandørane. Dei to valgte har levert alt det er bedt om, samt skatteattest (skatt/moms) og HMS. Det var ikkje bedt om dette, men det er krav iht forskrift off. innkjøp. Det har ikkje vore nytta innkjøpsprotokoll, men det er utarbeida eit brev der ein har gjort greie for vurdering/tildeling. Brevet inneheld dei fleste moment som ein innkjøpsprotokoll skal innehalde, men ikkje alle.

Ved gjennomgang av dokumenta i denne saka, har det kome fram at innkjøpar har partsinteresser i byggefeltet som skal detaljregulerast. Vedkomande står aleine på invitasjonen som er sendt ut til aktuelle leverandørar. Protokoll tilbudsopning er signert av han ilag med leiar av anna avdeling, og det same gjeld tildelingsbrevet. Brevet som er sendt til dei to leverandørane vedk. kontraktsinngåing og førehandskonferanse er også signert av innkjøparen. Her er innkjøpar oppgitt som kontaktperson, ilag med to andre.

#### **Vurdering:**

I samband med utlysinga vart det ikkje krevd skatteattest/HMS, men tilbydarane har levert dette. Det er vidare ikkje nytta innkjøpsprotokoll, men tildelingsbrevet inneheld dei fleste moment som skal inngå i ein innkjøpsprotokoll.

Kjøpet er gjort etter konkurranse, og med dei manglar som er nemnt over er anskaffelsen i hovedsak utført i samsvar med regelverket for offentlege anskaffelsar.

I dette utvalget fins det eit kjøp der det kan stillast spørsmål vedk. innkjøpar sin habilitet med tilhøyrande brot på forvaltningslova, etisk reglement og kommunen sin innkjøpsinstruks.

### 3.3.8 Delkonklusjon

Vi har undersøkt 7 kjøp i denne kategorien.

Av sju kjøp er fem i samsvar med lov og regelverk, medan eit ikkje er i samsvar. I tillegg er det eit kjøp gjort av tilsett som har slutta, og der har det ikkje lukkast å få framlagt dokumentasjon som gjer at vi kan vurdere dette.



I dette utvalget fins det eit kjøp der det kan stillast spørsmål vedk. innkjøpar sin habilitet.

### 3.4 Totalkonklusjon

Vi har undersøkt totalt 28 utvalgte kjøp fordelt på kategoriane innkjøpkostnader mellom 50'-100' drift, innkjøp over <100' drift og nye investeringar 2013, og konkluderar med flg:

- 1 kjøp er ikkje av ein slik art at det kjem inn under regelverket
- 5 kjøp har vi ikkje kunne vurdert, då det ikkje ligg føre dokumentasjon på kjøpet (gjeld tilsett som har slutta)
- 14 kjøp er i hovudsak i samsvar med regelverk og interne reglement/rutiner, men i eit tilfelle der det kan stillast spørsmål ved kinnkjøpar sin habilitet
- 10 kjøp er ikkje i samsvar med regelverk og intern reglement/rutiner.

## 4 NYTTAR KOMMUNENE GJELDANDE RAMMEAVTALAR

### Fakta og vurderingar

SSIS forhandlar fram rammeavtalar på vegne av medlemskommunane. Ikkje alle kommunar er med på alle avtalar, og vi har teke utgangspunkt i dei rammeavtalar som Volda kommune er bunde av. Detaljert informasjon om rammeavtalane ligg på SSIS sine nettsider, og vi har brukt desse kjeldene for å vurdere kva som ligg i dei enkelte varegrupper.

Vi har gått inn på dei aktuelle kontoane (etter sin art) i rekneskapen, og vurdert leverandørane her oppimot gjeldande rammeavtalar. Hvis det er bokført kostnader på feil konto, vil dette ikkje bli fanga opp av kontrollen.

Kommunen er bunde av desse avtalane, og har gjort samla eller totale innkjøp med dei aktuelle leverandørane i 2013:

Varegruppe	Leverandør	Avtale til	Opsjon til	Kjøp 2013
<b>Vaskeritenester</b>	Nor Tekstil AS	01.02.2014		1.051.260
<b>Sals og skjenkekontroll</b>	Nordfjeldske Kontroll	01.09.2013		15.444
<b>Sals og skjenkekontroll</b>	Sucuritas AS	01.09.2013-31.12.2017		7.969
<b>Asfalt</b>	Veidekke Industri AS	31.12.2013	31.12.2014	218.997
<b>Medisin og multidose</b>	Apokjeden AS	30.09.2013		1.133.782
<b>Straum</b>	Tussa-24 AS	01.03.2014	01.03.2016	7.814.415
<b>Telefoni</b>	Atea As	01.12.2013		238.235
<b>Mineralvatn</b>	Oskar Sylte Mineralvatnfabrikk as	15.01.2014		31.449
<b>Medisinske Forbruksvarer</b>	NorEngros AS	15.08.2014		2.308.724

<b>Reinholdsmiddel, rekvisita plast og papir, lyskilder og cateringprodukt</b>	NorEngros AS	16.01.2015		Jfr ovanfor
<b>Kontor-, datamateriell, kopipapir og fritt skulemateriell</b>	Staples Norway AS	09.01.2014	09.01.2015	445.869
<b>Microsoftlisensar</b>	Umoe IKT AS	22.06.2014		115.957
<b>Bedriftshelseteneste</b>	Hjelp24 NIMI as	31.12.2013	31.12.2014	259.963
<b>Felles portal</b>	ACOS AS	31.12.2018		7.800

Det kunne vore interessant å få fram oversikt over kor mykje som er kjøpt av andre leverandørar innanfor dei enkelte gruppene, men felleskontoar er det uråd å få til med rimeleg bruk av ressursar. Jfr. derfor verbale kommentarar under enkelte av kontoane under.

#### 4.1 Vaskeritenester

Avtale med Nor Tekstil AS, kjøpt for kr. 1.051.260,- i 2013. Vaskeritenester bokført på konto 12600. Andre leverandørar i same gruppe er Berendsen tekstil AS (i hovudsak leige og vask av matter), kjøpt for kr. 91.777,-.

Iflg rammeavtalen med Nor Tekstil AS gjeld dette tekstilar som leverandør skal eige. Det er ikkje spesifisert kva tekstilar det er snakk om, men det ser ut til å gjelde både arbeidskle og handkle, sengetøy mv til institusjonen.

#### Vurdering

Berendsen tekstil AS leverer vaskeritenester på matter til heile kommunen og leverandøren eig mattene. Dette inngår ikkje i avtalen med Nor Tekstil AS.

Kommunen fylgjer rammeavtalen som ein er bunden av.

#### 4.2 Sals-og skjenkekontroll

Avtale med Nordenfjeldske Kontroll til 1/9-13. Kjøp bokført konto 13700, ansvar 1500, funksjon 120, kr. 15.400,-. Avtale med Securitas AS frå 1/9-13, kjøp bokført konto 13700, ansvar 1500, funksjon 12, kr. 7.969,-.

#### Vurdering

Gjennomgang av konto viser ikkje kjøp i same gruppe frå andre leverandørar. Rett leverandør er brukt fram til skifte 1/9-13, og etter det er ny leverandør nytta.

#### 4.3 Asfalt

Avtale med Veidekke industri AS. Kjøp bokført konto 12300 kr. 102.509,- og konto 02300 kr. 116.448,-.

Gjennomgang av konti viser ikkje kjøp i same gruppe frå andre leverandørar. I utgangspunktet viste rekneskapen at det er kjøpt lite asfalt, men innhenta statistikk frå SSIS viser at dette stemmer.

#### Vurdering

Kommunen har nytta rett leverandør.

#### 4.4 Medisin og multidose

Avtale med Apokjeden AS, som driv alle Apotek1. Samla kjøp utgjør 1.133.782,- fordelt på konti 11100 medisinsk forbruksmateriell, 11140 medisinar og 13700 Multidose.

*Konto 11100 Medisinsk forbruksmateriell:*

I utgangspunktet avtale med NorEngros AS, men bokført kjøp frå Apotek1 med 44.929,- av totalt 1.411.456,-. Stikkprøver på kjøpa viser at dette gjeld dels medisinar og dels medisinsk forbruksmateriell. Det meste av kjøpa frå Apotek1 gjeld medisinar som skulle vore bokført på konto 11140 medisinar, medan det som gjeld medisinsk forbruksmateriell utgjør uvesentlege beløp i denne samanheng.

*11140 medisinar:*

Totalt kjøp på konto 973.039,-, av dette kjøp frå Apotek1 på 674.773,-. Kjøp frå sjukehusapoteket utgjør 12.138,- medan kjøp frå folkehelseinstituttet 285.789,-. Sistnemde gjeld vaksiner, og er ikkje ein del av varesortimentet iflg spesifikasjonar i avtalen med Apokjeden AS.

*13700 Multidose:*

Kjøp av multidose totalt kr. 404.985,-, utelukkande frå Apotek1.

#### Vurdering

Sjukehusapoteket er ikkje ein del av Apokjeden AS (jfr. konto 11140 ovanfor), og kjøp herifrå skulle ikkje vore gjort. Kjøpet utgjør likevel uvesentleg beløp.

Kjøp innan denne varegruppa vert i hovudsak gjort hjå leverandøren som ein har rammeavtale med.

#### 4.5 Straum

Avtale med Tussa-24 AS. Kjøp bokført konto 11800 kr. 6.968.563,-. Eit par postar gjeld refusjon grendalag/velferdslag, totalt kr. 8.493,-, resten er handel med Tussa-24 AS.

#### Vurdering

Rammeavtalen er fulgt.

#### 4.6 Telefon

Avtale med Atea AS (trafikkavtaler der Atea AS leverar Telenor si løysing, og faktura kjem frå Telenor). I avtalen ligg også opsjon på kjøp av mobiltelefonar frå ATEA AS. Opsjonen er kun ein rett kommunane har til å kjøpe mobiltelefonar frå ATEA AS, men dei kan kjøpe frå andre (og det vert gjort).

Kjøp bokført konto 11301 kr. 740.834,-. Faktura frå Telenor AS og Atea AS utgjør kr. 370.684,-.

#### Vurdering

Gjennomgang av konti viser ikkje kjøp i same gruppe frå andre leverandørar, då dei andre kjøpa som er bokført gjeld div. meldingstenester, helsenett, internett mv.

Rammeavtalen er såleis fulgt.

#### 4.7 Mineralvatn

Avtale med Oskar Sylte AS, og iflg spesifikasjonane er det ingen begrensingar i kven som skal bruke avtalen.

Kjøp bokført konto 11150 frå Oskar Sylte er på kr. 36.042,-.

Gjennomgang av konti viser kjøp i same gruppe frå andre leverandørar, dette gjeld kjøp frå Coca-cola AS, kjøp utgjer 76.516,-, innkjøpt kinoen. Dette firmaet leverar andre brusmerker enn Oskar Sylte AS, men er vesentleg billegare på t.d. halvliters brus.

På same konto er det handla mykje i lokale daglegvarebutikkar, men det er ikkje kontrollert om det er handla mineralvatn her.

#### Vurdering

Iflg tilbakemelding frå SSIS gjeld denne avtalen institusjonane, då ein vurderte det slik at det ville vere for upraktisk å ha med alle dei andre mht omfang og logistikk. Då har ein nok ikkje tenkt på kinoen, som omset langt meir mineralvatn enn institusjonane. Avtalen kinoen har virkar å vere mykje betre, men denne gjeld andre sortar mineralvatn.

Det går imidlertid ikkje fram av avtalen at den er begrensa til å gjelde institusjonar, og minstegrense ved bestilling er 1 kasse.

Hvis avtalen kun gjeld institusjonar, er rammeavtalen fulgt.

#### 4.8 Medisinske forbruksvarer

Avtale med NorEngros AS. Bokført kjøp på konto 11100 Medisinsk forbruksmateriell er kr. 1.411.456,-, av dette utgjer kjøpet frå NorEngros AS kr. 1.199.027,-.

Stikkprøver på kjøp frå andre firma viser at dette i hovudsak gjeld varer som ikkje er dekkja av rammeavtalen med NorEngros AS; diagnosesticks, tester, elektroder, støttestrømper, hoftebukser, vaksiner, gassflasker mv.

#### Vurdering

Rammeavtalen er fulgt.

#### 4.9 Reinhaldmiddel, rekvisita plast og papir, lyskilder og cateringprodukt

Avtale med NorEngros AS.

Bokført kjøp på konto 11200 Anna forbruksmateriell er kr 4.120.384,-, av dette er kr. 732.136,- kjøpt frå NorEngros AS. Dette er ein konto som omfattar veldig mange varegrupper. Har gått gjennom og vurdert leverandør i forhold til konto, og ser at det er nok kjøpt litt reinhaldmiddel, lyskilder og rekvisita plast og pair hjå Europris og div. matvarebutikkar. Dette utgjer imidlertid beskjedne summar.

Bokført kjøp på konto 11201 Reinhaldsmateriell er kr. 221.267,-, av dette er kr. 188.365,- kjøpt frå NorEngros AS. Kjøp utanom gjeld i hovudsak eit kjøp frå Biocare AS, som virkar å vere produkt som ikkje er omfatta av rammeavtalen. Elles berre uvesentlege småkjøp.

Bokført kjøp på konto 11207 Driftsmateriell bygg er ein konto med få posteringar. Her er imidlertid ført eit par kjøp dispensorar mv frå NorEngros AS, øvrige kjøp bokført på konto har ikkje med denne varegruppa å gjere.

Bokført kjøp på konto 12500 Materialer til vedlikehold gjeld div reinholdsmidlar, medan øvrige kjøp på denne konto gjeld materiell til vedlikehold som er forskjellig frå denne avtalen.

#### Vurdering

Rammeavtalen vert i hovudsak fulgt.

### **4.10 Kontor-, datamateriell, kopipapir og fritt skulemateriell**

Avtale med Staples Norway AS.

Bokført kjøp på konto 11000 Kontormateriell er kr 790.259,-, av dette er kr. 253.622,- kjøpt frå Staples Norway AS. Dette er ein konto som omfattar veldig mange varegrupper. Har gått gjennom og vurdert leverandør i forhold til konto, og ser at det er kjøpt t.d. toner og kopipapir frå andre enn det firma som er inngått rammeavtale med. Dette utgjer likevel ikkje store summar. Elles består kostnader på denne konto av t.d abonnement, diverse bøker, medlemskap mv.

Bokført kjøp på konto 11050 Fritt undervisningsmateriell er kr. 1.471.061,-, av dette er kr. 156.271,- kjøpt frå Staples Norway AS. Kjøp utanom gjeld i hovudsak skulebøker, mat til skulekjøkken og leiker/anna formingsmateriell, men ser også nokre få tilfeller der ein kjøper skrivemateriell frå andre enn leverandør ein har rammeavtale med (utgjer ikkje store beløp).

Bokført kjøp på konto 11200 Anna forbruksmateriell er kr 4.120.384,-, av dette er kr. 15.895,- kjøpt frå Staples Norway AS.

#### Vurdering:

Konto 11200 Anna forbruksmateriell omfattar veldig mange varegrupper, og er lite relevant i forhold til denne rammeavtalen. Det som er ført her frå denne leverandøren, er kostnader som i hovudsak skulle vore ført på konto for kontormateriell.

Elles viser analyser at kontoar vert brukt feil, m.a. har ein sett tilfelle der kjøp av konvoluttar vert kostnadsført på konto for porto, og at kjøp av viskelær, plastlommer m.v. vert kostnadsført på konto for driftsmiddel. I begge tilfeller uvesentlege beløp i den store samanheng.

Rammeavtalen vert i hovudsak fulgt.

### **4.11 Microsoftlisensar:**

Avtale med Umoe IKT AS.

Kommunen har ikkje handla med denne leverandøren etter 2011, men iflg oversikt rammeavtalar gjeld denne til 22/6-14 (først til 22/6-13, men brukt opsjonen på 1 år).

Iflg tilbakemeldingar er Umoe IKT AS slått saman med Atea AS i 2011.

Konto 11951 viser at det er kjøpt lisensar med firmaet for kr. 115.957,- i 2013, og detaljar på faktura viser at dette m.a. gjeld microsoftlisensar. Totale kostnader på kontoen er over 2,2 mill, men her vert ført alle lisensar som kommunen har. Det gjeld andre dataprogram (Evry, Visma, kvalitetslosen, Norkart mv), og microsoftlisensar utgjer småbeløp i denne samanheng.

#### Vurdering:

Rammeavtalen fulgt.

#### 4.12 Bedriftshelsetenester:

Avtale med Hjelp24 NIMI AS.

Kjøp bokført konto 13700 kr. 229.740,- som gjeld bedriftshelseteneste, leverandør Hjelp 24 NIMI AS.

##### Vurdering:

Rammeavtalen fulgt.

#### 4.13 Matvarer (kolonialvarer):

Avtale med H I Giørtz Sønner AS. Det er spesifisert at avtalen gjeld kommunale kjøkken som produserer mat for institusjonar samt heimebuande som mottak omsorgstenester. Andre kommunale einingar har rett til å knyte seg til avtalen, men tilbydar må opplyse i tilbodet om det vil gjelde spesielle vilkår når skular, barnehagar etc vil nytte avtalen. I avtalen er det spesifisert at det er ynskjeleg at leverandøren kan levere Fair-trade eller liknande produkt.

Avtalen gjeld kolonialvarer, tørrvarer, egg og fjørfeprodukt, frosen fisk og fiskemat, faste meieriprodukt og iskrem.

Gjeld ikkje frukt grønt og poteter, fersk fisk og fiskemat, kjøt og kjøtprodukt (eigen avtale), flytande meieriprodukt, ferske brødvarer og mineralvatn (eigen avtale).

Kjøp bokført konto 11150, ansvar 4600-4661 (PLO) kr. 4.097.080,-, av dette utgjør kjøp hjå H I Giørtz Sønner AS kr. 1.842.340,-. Ein gjennomgang av øvrige kjøp ført på denne konto viser at dette i hovudsak gjeld flytande meieriprodukt (mjølk, fløyte mv.), bakerivarer, frukt- og grønt som ikkje er omfatta av denne avtalen. Det er kjøpt litt frå lokale matbutikkar, men dette gjeld matvarer avlastninga, STYRK-arbeid mv. Dette er ok, då avtalen gjeld kommunale kjøkken som produserer mat for institusjonar mv, jfr. innleiingsvis.

Barnehagar/skular nyttar seg ikkje av denne avtalen, sjølv om det er anledning til det. Kjøp av matvarer til barnehage/skular utgjorde i 2013 kr. 1.196.190,-, men dette omfattar også meieriprodukt, bakarvarer og frukt-og grønt.

##### Vurdering:

Rammeavtalen fulgt.

#### 4.14 Matvarer (kjøt og bearbeidde kjøtvarer):

Avtale med Ole Ringdal AS. Det er teke atterhald om at kommunane ved spesielle høve og/eller for spesielle produkt kan kjøpe inn lokalprodusert mat. Det er vidare forutsett at leverandøren kan levere økologiske produkt. Det er her ikkje lagt noko begrensingar på kva avdelingar i kommunen som er omfatta av avtalen men iflg SSIS gjeld avtalen i hovudsak institusjon.

Samla innkjøp av matvarer i Volda kommune utgjør 6.117.832,-, jfr også forrige punkt vedk. kolonialvarer. Av dette utgjør kjøp frå Ole Ringdal AS kr. 657.021,-. Det er kun pleie-og omsorg (ansvar 4661) som nyttar innkjøpsavtalen med Ole Ringdal AS.

Barnehage/skular gjer også innkjøp av matvarer, totalt utgjør kjøp av matvarer kr 1.196.190,-. Kor mykje av dette som gjeld kjøt og bearbeidde kjøtvarer, er vanskeleg å anslå. I summen på 1,1 mill inngår frukt-og grønt, meieriprodukter og bakervarer. Det er derfor ikkje grunn til å tru at summen av kjøt og bearbeidde varer er vesentlege, og logistikken for skular og

barnehagar er nok meir utfordrande enn for ein institusjon som har gode kjøle-og frysefasilitetar.

#### Vurdering:

Rammeavtalen er fulgt.

### 4.15 Felles portal

Avtale med ACOS AS.

Kjøp frå ACOS AS er bokført konto 11500 opplæring kr. 7800,- , og gjeld brukarseminar. Dette gjeld opplæring, og det er ikkje ført fleire kjøp frå denne leverandøren. Finn heller ikkje spesifikasjon på SSIS sine internettsider over denne. Nærare undersøkingar viser at Kommunenett Søre Sunnmøre (IKT-samarbeid Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta,) har hatt ei utlysing på Doffin (konkurranse med forhandlingar) som gjeld kjøp av ny portal. Innkjøpsprotokoll og anna informasjon viser at ein valgte å kjøpe ACOS InfoLink. Dette gjeld eit spesifisert kjøp, og vi kan ikkje sjå at kommunen har ein rammeavtale med firmaet ACOS AS.

#### Vurdering:

Kommunen har ikkje ein rammeavtale med firmaet ACOS AS, og bør derfor ikkje stå på oversikt rammeavtalar.

### 4.2 Konklusjon:

Kommunen nyttar i all hovudsak inngåtte rammeavtalar.

## 5 PRAKSIS KRING ETTERLEVING AV FAIR-TRADE AVTALE

### 5.1 Fakta og vurderingar

Volda kommune har fått godkjenning som Fair-trade kommune, og har gjennom dette forplikta seg til å servere fairtrade kaffi og te på alle kommunale møter. Vi har tolka definisjonen kommunale møter til å gjelde politisk verksemd.

Vi har gjennomgått konto 11150 for ansvar 1550 politisk verksemd, som viser at kaffi og te til politiske møter vert kjøpt på Kiwi. Det vert kjøpt fairtrademerka te, medan det vert kjøpt både fairtrade kaffi og vanleg kaffi. Kaffi som ikkje er merka fairtrade utgjer i sum 25% av kjøpa i 2013.

### 5.2 Konklusjon:

Kommunen har forbettringspotensiale i forhold til å fylgje opp K-styret sitt vedtak om å servere fairtrade- kaffi og te på alle kommunale møter.

## 6 ANBEFALINGAR

- 1 Rammeavtalane er for lite klar mht å definere kven i kommunen som er bundne av dei. Så lenge det ikkje står avgrensingar i avtalen, må avtalen gjeld heile kommuneorganisasjonen. Det bør gå klart fram av avtalane om den gjeld heile kommuneorganisasjonen, eller er avgrensa til delar av kommunen.

- 2 Kommunen bør vurdere å følgje rutinar og bruke maldokument utarbeida av SSIS. Dette vil bidra til å effektivisere innkjøpsarbeidet og sikre trygge og gode innkjøpsrutinar i samsvar med gjeldande lov og regelverk.
- 3 Det bør etablerast rutine for årleg rapportering frå avdelingane til rådmannen om at regelverket vedk. offentlege anskaffelsar er fulgt.
- 4 Det må etablerast rutinar som gjer at kommunen følger vedtak om fairtrade innkjøp av kaffi og te til alle kommunale møter.

## 7 RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR

Uttale frå rådmannen (mail av 25/11-14):

«Eg syner til oversendt utkast til rapport. Rapporten er systematisk godt oppbygd og den gir ein god gjennomgang av sentrale delar av innkjøpsrutinene til Volda kommune. Evaluering av desse er nyttig informasjon for å betre rutiner og få fokus på innkjøp. Det er i samband med organisasjonsendringar allereie gjort tiltak for å betre rutinene for innkjøp. Vi har etablerte system i lov- og forskriftssystemet som er vidareført i malar og rutiner gjennom interkommunalt samarbeid. Det er eit forbettringspotensial i å bruke systema. Rutinene med omsyn til innkjøpsprotokoll, HMS og skatteattest må skjerpast inn. Det er også behov for opplæring i desse systema, slik at alle som driv med innkjøp kjenner seg trygge på gjennomføring av prosessane. Økonomiavdelinga har fått i oppdrag å organisere opplæring etter nyttår.

Kort kommentar til enkeltpunkt i rapporten:

### 3.1.3 Berknes Maskinstasjon AS

Kommunen hadde etter tilbodskonkurranse engasjert BM til byggefeltet. I tilbodsdocument var det med noko opprusting av kaivegen og eks. va-nett. Ved gjennomføring av arbeidet oppdaga ein manglar som måtte utbetrast. Ved tilbod har då entreprenør rett til å få utføre tilleggsarbeidet etter tilbodet sine einingsprisar. Det vart gjort også her. Kostnad vart splitta på drift og investering. Frå administrasjonen er det da vurdert slik at dette ikkje skulle ut på ny konkurranse.

### 3.1.7 Prosjekt 701301 Utbygging av bustadområde

I dette prosjektet stiller rapporten spørsmål til habilitet til ein innkjøpar av konsulenttenester til reguleringsarbeid.

Innkjøpet gjaldt konkurranse om planarbeid på 4 område der det skulle utarbeidast reguleringsplan. I tilbodsinnhentinga er det uttrykt: "Kommunen ynskjer framlagt pristilbod for dei ulike planprosjekta kvar for seg, og med forslag til gjennomføringsplan (tidsplan for oppstart og skisse til prosjektframdrift/-gjennomføring). Prosessen vart gjennomført i samarbeid mellom dei to sektorane utvikling og teknisk. Tre av prosjekta ligg under teknisk sektor sitt budsjett, og det fjerde ligg under utviklingssektoren sitt budsjett. Sektorane har delegert mynde til å gjere innkjøp på eigne budsjett innanfor budsjettramma. Person A gjorde innkjøpet av tenestene på teknisk sitt budsjett. Utviklingssjefen Jørgen Vestgarden var ansvarleg for innkjøp av tenester for regulering av næringsområdet. Person B representerte utviklingssjefen og stod for gjennomføringa. Det praktiske arbeidet vart gjennomført i eit teamarbeid mellom person B (utviklingssektoren), person A (teknisk sektor) og interkommunal innkjøpskonsulent Margrethe Stølan Steinsvik.



Person B er grunneigar/eigar av ein teig der det skal planleggjast til bustadområde. I forvaltningsrevisjonsrapporten er det stilt spørsmål til habiliteten i høve til forvaltningslov, innkjøpsinstruks og kommunen sitt etiske reglement.

Person B har ikkje vore involvert i planlegginga av dei overordna rammevilkåra som er grunnlaget for å gjennomføre detaljregulering. Arbeidet med regulering av bustadfelt har starta opp.

Prosesen for innkjøp av konsulentteneste for planarbeid er ein rein innkjøpsprosess der vurderingstemaet og avgjerdskriteriene er innkjøpsfagleg. Kriteriene for val av tilbydar var pris (40 %), kunnskap om tilsvarande prosjekt/kompetanse (30 %) og kapasitet/gjennomføringsgrad (30 %). Det om inn 4 tilbud: Rambøll avd Ålesund, AG Plan og Arkitektur AS, P. Mulvik AS og Ose Ingeniørkontor AS.

Eg kan ikkje sjå at det er noko forhold mellom person B og nokon av tilbydarane som vedkjem ugildskap. Dette gjeld verken slektskap, nære personlege relasjonar eller økonomiske interesser i selskapa. Innkjøpsprosessen er gjennomført fagleg profesjonelt og etter som eg kan sjå er tilboda valt ut frå tildelingskriteriene og det som er mest økonomisk fordelaktig for kommunen. Eg kan heller ikkje sjå at innkjøpet som ein rein innkjøpsfagleg utvalprosess kan koplast til sjølve reguleringsarbeidet som skal skje i etterkant, og som person B ikkje har noko rolle i når det gjeld det området han er grunneigar.

Eg har hatt møte og gjennomgang av saka internt. I ei skjønsmessig vurdering står ein alltid overfor eit val av kva ein vil vektleggje. Eg kan ikkje sjå at det er noko som skulle tilseie at person B har delteke i innkjøpsprosessen for å oppnå egne fordelar. Prosessen er også ein reint innkjøpsfagleg utvalprosess etter særskilte kriterier. Innkjøpet av reguleringsstenestene for bustadområda i Bratteberg ligg under teknisk. Person B deltek ikkje i reguleringsprosessane for det området som han er grunneigar.

I ettertid kan ein seie at det hadde vore ein fordel at prosessen vart handtert av andre utan at eg ser nokon grunn til å gjere noko større nummer av det utover å ha hatt ein gjennomgang og sjølvrefleksjon rundt dette internt. I den samanheng legg eg vekt på at person B ikkje kunne vore i posisjon til å oppnå ev personlege fordelar i prosessen, og etter mi vurdering heller ikkje har hatt nokon intensjon om å fremje personlege interesser.

### 3.2.8 Jan M. Skalde

Det er ført protokoll for tilbudsopning . Der det berre var 1 tilbydar på roda vart det gått rett på brøyteavtale. Det er frå administrasjonen vurdert slik at referansar ikkje er nødvendig å be om når brøytaren har vore engasjert av kommunen dei 4 føregåande åra. Dette punktet i kravspesifikasjon er meint evt. nye tilbydarar.

### 3.2.12 Berknes Maskinstasjon AS

Same problemstilling som 3.1.3 , sjå ovanfor. Arbeidet er gjort opp etter tilbodet sine einingsprisar.

### 3.2.1 Ahlsell

Vi har for tida 2 røyrgrossistar i regionen. Det er av administrasjonen vore vurdert at det har ingen hensikt å lyse denne type leveransar ut på landsbasis.»

## **8 REVISJONEN SINE KOMMENTARAR**

Som fylgje av tilbakemeldingane frå rådmannen, har vi gjort endringar i punkt 3.1.3 og 3.2.12 (henvisningane i rapporten er endra i forhold til utsendt utkast).